



Vaksdal kommune

MØTEINNKALLING ELDRERÅDET

Møtedato: 21.06.2022
Møtested: Heradshuset, Kommunestyresalen
Møtetid: 11:30 - 14:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Solrun Hauglum epost solrun.hauglum@vaksdal.kommune.no

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
09/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
10/2022	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
11/2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
12/2022	REFERATSAKER OG MELDINGAR
13/2022	BRUK AV TEKNOLOGI FOR TRYGGHEIT OG MEISTRING PÅ SJUKEHEIM - ORIENTERINGSSAK
14/2022	LEVE HEILE LIVET: EIN BUSTAD FOR HEILE LIVET - DRØFTINGSSAK

15. juni 2022

Heidi Rongved
Leiar



Vaksdal kommune



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
09/2022	Eldrerådet	PS	21.06.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE-033	22/766

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
10/2022	Eldrerådet	PS	21.06.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE-033	22/766

DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Fast orientering frå kommunalsjef helse og meistring.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
11/2022	Eldrerådet	PS	21.06.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE-033	22/765

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Vedlegg:

Protokoll - Eldrerådet - 22.03.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



MØTEPROTOKOLL ELDRERÅDET

Møtedato: 22.03.2022
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09:30 - 11:30

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Heidi Rongved	AP	Utvalseiar
Mona Grenasberg	SV	Medlem
Ragnhild Margrethe Falch Vatile		Medlem
Anna Bruvik		Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Aashild Hallfrid Hestad		Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Agnar Sellevold		Aashild Hallfrid Hestad

Andre møtande:

Solrun Hauglum, sekretær og kommunalsjef Helse og meistring
Sigrunn Stamnes Vik, einingsleiar Helse og meistring, var til stades under sak 06/2022,
07/2022 og eventuelt.

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2022	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
03/2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
04/2022	REFERATSAKER OG MELDINGAR
05/2022	PLAN FOR LEVE HEILE LIVET REFORMA I VAKSDAL KOMMUNE



Vaksdal kommune

06/2022 **KLART SPRÅK I VEDTAK - VEDTAKSMAL PRAKTISK BISTAND**

07/2022 **FØREBYGGJANDE HEIMEBESØK**

08/2022 **ÅRSMELDING 2021 ELDRERÅDET**



01/2022: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Eldrerådet 22.03.2022

Behandling:

ELD - sak 01/2022 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

02/2022: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Eldrerådet 22.03.2022

Behandling:

Orientering frå kommunalsjef Helse og meistring:

- Smitteutbrotet av Covid19 er no over på Ressurssenteret på Vaksdal. Tilsette på senteret med tilsynslege, reinholdarar, teknisk personell og andre samarbeidspartar har gjort ein imponerende jobb i samband med smitteutbrotet. Eldrerådet har fått oppdateringar frå einingsleiar/kommunalsjef på e-post under smitteutbrotet.
- Orientering om status for helse- og omsorgsbygget på Jamnetomta. I ca eit halvt år framover må to av bebuaromma frigjerast for arbeid med samanskøyting av bygga. I denne perioden nyttar ein to doble rom på sjukeheimen, eventuelt tek i bruk anna rom som t.d. kontor til bebuarrom.

ELD - sak 02/2022 Vedtak/Tilråding:

Saka vert teke til orientering.

03/2022: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:



Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Eldrerådet 22.03.2022

Behandling:

ELD - sak 03/2022 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

04/2022: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

Eldrerådet 22.03.2022

Behandling:

ELD - sak 04/2022 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

05/2022: PLAN FOR LEVE HEILE LIVET REFORMA I VAKSDAL KOMMUNE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 vert teken til orientering.

Levekårsutvalet 08.03.2022

Behandling:

Einingsleiar helse Sigrunn Stamnes Vik orienterte om saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.



LEV - sak 07/2022 Vedtak/Tilråding:

Plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 vert teken til orientering.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.03.2022

Behandling:

Tilleggsframlegg frå Amalie Johnsen Lunde:

Kommunestyret ber om at plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 blir konkretisert i ein handlingsplan som prioriterer og tidfester dei enkelte tiltakene. Denne handlingsplanen skal evalueres årlig.

Levekårsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå Amalie Johnsen Lunde vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 21/2022 Vedtak/Tilråding:

Plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 vert teken til orientering.

Kommunestyret ber om at plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 blir konkretisert i ein handlingsplan som prioriterer og tidfester dei enkelte tiltakene. Denne handlingsplanen skal evalueres årlig.

Eldrerådet 22.03.2022

Behandling:

Kommunalsjef Helse og meistring orienterte i saka og svara på spørsmål. Eldrerådet meiner planen er eit godt og viktig dokument og framhevar transport, møteplassar og samarbeid med skule (barn/ungdomar) som særst viktige område. Eldrerådet vil følgja opp planen. Rådet ønskjer også fleire møte liknande innspel- og dialogmøtet i Turbinen, og gjerne med inviterte innleiarar som t.d. Trude Dreveland.

ELD - sak 05/2022 Vedtak/Tilråding:

Plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 vert teken til orientering.

Eldrerådet ser på planen som eit viktig og godt dokument som må holdast levande i planperioden. Eldrerådet vil følgja opp arbeidet med Leve heile livet reforma og ber om at det vert orientert om status på kvart møte. Eldrerådet ønskjer å gjenta den suksessen me hadde med samling i Turbinen med nye samlingar knytt til reform og innsatsområde.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 22.03.2022

Behandling:

RFF - sak 06/2022 Vedtak/Tilråding:



Plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 vert teken til orientering

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 18/2022 Vedtak/Tilråding:

Plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 vert teken til orientering.

Kommunestyret ber om at plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 blir konkretisert i ein handlingsplan som prioriterer og tidfester dei enkelte tiltakene. Denne handlingsplanen skal evalueres årlig.

06/2022: KLART SPRÅK I VEDTAK - VEDTAKSMAL PRAKTISK BISTAND

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet 22.03.2022

Behandling:

Einingsleiar Helse og meistring orienterte i saka og svara på spørsmål.

Eldrerådet kom med følgjande innspel til teksten i vedtaket:

- Teksten er betre enn tidlegare og lettare å lesa.
- Bør ta vekk ordet "dagsenterplass" og endra dette avsnittet.
- Ønskjer å fjerna "inntil" der tal timar står i starten av vedtaket.
- Vurder kva telefonnummer som skal stå nedst på arket.
- Ta vekk namn på gruppeleiar og beholda tittel.

ELD - sak 06/2022 Vedtak/Tilråding:

Eldrerådet tek saka til orientering med dei innspel som kom under møtet.

07/2022: FØREBYGGJANDE HEIMEBESØK

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet tek saka til orientering og har følgjande innspel:

Eldrerådet 22.03.2022



Behandling:

Einingsleiar Helse og meistring orienterte under saka og svara på spørsmål.

Eldrerådet hadde følgjande innspel:

- Førebyggjande heimebesøk er eit positivt tiltak, og det må ein også få fram når ein annonserar tilbodet.
- Er smart med artikkel i lokalavisa i forkant av annonsering.
- Kan praktisk bistand og pensjonistlaga hjelpa til med å opplysa om tilbodet?
- Er positivt om ein kan arrangera samlingar i dei ulike bygdene, ikkje berre sentralt ein plass.
- Truleg mest aktuelt for aldersgruppa 75 +. Kan dela opp i aldersgruppa 75 - 80 år og 80 - 85 år i starten når det vert fleire aktuelle.
- Samling bør vera på dagtid innanfor ordinær arbeidstid, helst mellom lunch og kl. 16.00.
- Bør ha enkel servering, kaffi med noko attåt.
- På første møtet bør det vera informasjon om tilbodet med førebyggjande besøk i heimen.
- Opning for at dei aktuelle kan vera att etter møtet for spørsmål og vidare avtale.

ELD - sak 07/2022 Vedtak/Tilråding:

Eldrerådet tek saka til orientering med dei innspel som kom under møtet.

08/2022: ÅRSMELDING 2021 ELDRERÅDET

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Årsmeldinga vert godkjent slik ho ligg føre.

Eldrerådet 22.03.2022

Behandling:

ELD - sak 08/2022 Vedtak/Tilråding:

Årsmeldinga vert godkjent med retting av stad for Eldrefesten.



Eventuelt:

- Forslag om at minibussen som vert nytta til transport av dagpasientar, også kan nyttast til transport av eldre som skal besøkje bebuarar/pårørande på sjukeheim.
- Spørsmål rundt tekst i vedtak på praktisk bistand og kven som kan kontaktast ved spørsmål. Einingsleiar Helse og meistring svara.
- Spørsmål om Vaksdal kommune kan arrangera kurs/gruppe for fallførebygging slik det vert gjort t.d. i Alver. Einingsleiar Helse og meistring følgjer dette opp.
- Spørsmål om bestilling av tannlegetime. Einingsleiar Helse og meistring orienterte om at sjukeheimstenesta bestiller og organiserar for dei som bur på institusjon. Heimetenesta kan assistera dersom det er vanskeleg å bruka telefon, eller formidla følgjebehov til Frivilligsentralen. Forslag om at Innbyggjarservice kan informera om telefonnummer til tannlege og mogelegheit for følgje.
- Spørsmål om korttidsopphold/rehabilitering for unge. Einingsleiar og kommunalsjef Helse og meistring svara.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
12/2022	Eldrerådet	PS	21.06.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE-033	22/766

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
12/2022.1	Årsmelding 2021 for fylkeseldrerådet i Vestland

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

Vaksdal kommune
Konsul Jebsensgate 16
5722 DALEKVAM

Dato	06.05.2022
Vår referanse	2021/88118-70
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Ingeborg Strandberg
E-post	Ingeborg.Strandberg@vlfk.no
Telefon	99518333

Til eldrerådet

Årsmelding 2021 for fylkeseldrerådet i Vestland

Fylkeseldrerådet i Vestland presenterer her årsmeldinga si for 2021.

Med helsing

Ingeborg Strandberg
rådgjevar
ORO - Politisk sekretariat*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*


Vedlegg

1 Årsmelding for FYEL 2021

Mottakarliste

Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Austevoll kommune	Birkelandsvegen 2	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Sætre marka 2	5943	AUSTRHEIM
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fedje kommune	Postboks 54	5947	FEDJE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Fjaler kommune	Dalstunet 20	6963	DALE I SUNNFJORD
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Høyanger kommune	August Gunnarskogsgt. 1	6993	HØYANGER
Kinn kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY

Kvam kommune	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Luster kommune	Rådhuset	6868	GAUPNE
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Osterøy kommune	Hatland	5282	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Solund kommune	Hardbakke 26	6924	HARDBAKKE
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Ullensvang kommune	Opheimsgata 31	5750	ODDA
Ulvik kommune	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgate 16	5722	DALEKVAM
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN



Årsmelding 2021

Fylkeseldrerådet i Vestland fylkeskommune

Innhald

Om fylkeseldrerådet	3
Fylkeseldrerådet i 2020.....	4
Samansetning av rådet	6
Deltaking i 2021	7

Om fylkeseldrerådet

Fylkeseldrerådet i Vestland, som eit av tre medverknadsorgan i fylkeskommunen, er eit lovpålagt organ, heimla i kommunelova § 5-12. Rådet sine oppgåver, saksbehandling og organisering blir regulert i forskrift gitt av departementet.

Rådet har ni medlemar som er oppnemnde av fylkestinget. To av medlemane er fylkestingsrepresentantar, og sju medlemmer er valde av pensjonistforeiningar og andre organisasjonar som representerer dei eldre. Fleirtalet av medlemane skal på valtidspunktet ha fylt 60 år.

Rådet skal sjølv peike ut leiar og nestleiar blant medlemane, og val av leiar og nestleiar skal gjerast ved fleirtalsval.

Fylkeseldrerådet er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen og har rett til å rådgje og uttale seg i saker som gjeld eldre sine tilhøve og levevilkår. Rådet gir innspel til mellom anna høyringar og planar, og kan uttale seg i politiske saker som skal opp i andre utval, og fremme saker på eige initiativ. Rådet har sitt eige budsjett, noko som bidrar til at rådet kan samarbeide med andre eldreråd i kommunane og fylkeskommunane. Budsjett- og rekneskapsansvar er lagt til administrasjonen.

På lik line med andre politiske organ i fylkeskommunen, vert fylkeseldrerådet sine saksdokument og saksprotokollar frå rådet sine møter gjort tilgjengelege på Vestland fylkeskommune sine nettsider (www.vlfk.no). I tillegg vert digitale møte streama og kan sjåast i opptak på Vestland fylkeskommune sine nettsider. Der finn ein og reglement for fylkeseldrerådet.

Fylkeseldrerådet i Vestland vart oppnemnde av fylkestinget i møte 15. oktober 2019, og oppretta for den fylkeskommunale valperioden. Etter konstituerande møte i rådet 25.11.2019 med ni medlemar, vart verva fordelt slik: Harald Ekroll, leiar og Vigdis Ravnøy, nestleiar.

Om årsmeldinga

Årsmelding 2021 for fylkeseldrerådet i Vestland gir ein oversikt over aktiviteten til fylkeseldrerådet gjennom året 2021. I årsmeldinga vil det stå litt om eldrerådet generelt, og så skriv leiar litt om fylkeseldrerådet spesifikt i året 2021, og dei viktigaste politiske sakene som har vore handsama.

Det vil vere ein opplisting av rådet sine medlemar, liste over alle møta i fylkeseldrerådet, samt dei ulike møte og arrangement som medlemane har delteke på gjennom året.

Fylkeseldrerådet i 2021

Året 2021 vart også - som 2020 – i stor grad prega av covid-19 pandemien.

Av 8 møte i 2021 var dei første 3 digitale og dei 5 i siste del av året fysiske. Den 14.10.2021 var det fellesmøte med eldrerådet i Ullensvang kommune der også representantar frå Ullensvang kommune orienterte. Fylkeseldrerådet ønskjer å vidareføre slik samlingar også til 2022. Den 17.11.2021 var møte lagt til Førde i kombinasjon med at fylkeseldrerådet deltok på Kulturkonferansen i Førde 18.11.2021. Resten av dei fysiske møta i 2021 var lagt til Sandsli.

Fylkeseldrerådet hadde i 2021 eit budsjett på kr. 520.000.

Rådet er svært godt nøgd med sekretæren vi har hatt i 2021.

Å få sakene tidleg nok til handsaming fort å kunne påverke resultatet har betra seg i 2021. Det kan framleis bli endå betre så det vil rådet følgje opp i 2022.

I 2021 fekk rådet til eit møte med politisk leiing i fylkeskommunen. 16.09.2021 møtte rådet fylkesvaraordførar Natalia Golis og utvalsleiarane Jannicke Bergesen Clarke (hovudutval for samferdsel og mobilitet), Karianne Torvanger (hovudutval for opplæring og kompetanse) og Tor Andre Ljosland (hovudutval for næring).

Fylkeseldrerådet er svært glad for å kunne diskutere med det politiske miljøet saker vi er spesielt opptekne av. Rådet ønskjer å få til slike møte også i 2022.

Mitt inntrykk er at samarbeidet i rådet har vore godt og at dei einskilde medlemane bidrar godt med sin kunnskap og viten.

Til slutt ei takk til alle som har nytta seg av rådet som samtale-/innspeltpartner i saksførebuing, og har bidratt med orienteringar på våre møte.

Viktige saker

Fylkeseldrerådet handsama 75 referatsaker og 40 politiske saker i 2021. Blant sakene som vart handsama i 2021 er det nokre som har peika seg ut særskild. Dei viktigaste finn du her:

- Budsjet for 2021 og økonomiplan 2022 – 2024.
- Møteplan for eldrerådet 2021.
- Innspel til Handlingsplan for trafikktrygging i Vestland 2022 – 2025.
- Kartlegging av tilgjengelegheit i Vestland 2020.
- Endringar i bussforhold for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.
- Tannhelse.
- Kunnskapsgrunnlag og strategi for frivillig sektor i Vestland.
- Vedlikehald av vegar og materiell m.v.
- Helsesituasjonen på aldersheimar – Personar i siste fase av livet.
- Pilot aldersvennleg transport i Bergen.
- Høyring planprogram – regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 – 2035.
- Høyring av Regional transportplan for Vestland 2022 – 2033.
- Kulturkonferansen 2021.
- Utvikling av busstilbodet i Bergen sentrum.
- Ny handlingsplan for Universell utforming 2021 – 2025.
- Landskonferansen for fylkeseldreråd i Trondheim .
- Høyring Handlingsprogram for folkehelse.
- Handlingsplan 2022 – Kultur, idrett og inkludering.
- Berekraftig verdiskaping – handlingsprogram 2022 – 2025.
- Deltaking i koordineringsgruppa i Leve heile livet prosjektet til Statsforvalteren i Vestland.
- Deltakar som brukarrepresentant i E-helse Vestland.
- Deltaking i KS sitt nettverk for aldersvennleg samfunn.
- Opplegg for bilettering m.v. i Skyss sine ruter.
- Skyssopplegg for eldre i Vestland fylke.

Samansetning av rådet

Rådet har ni medlemmar som er oppnemnde av fylkestinget. To av medlemmane er fylkestingsrepresentantar, og sju medlemmer er valde av pensjonistforeiningar og andre organisasjonar som representerer dei eldre. Fleirtalet av medlemmane skal på valtidspunktet ha fylt 60 år. For valperioden 2019-2023 har rådet slik samansetning:

Medlem: **Kurt Johnny Hæggernæs**, Pp
Varamedlem: **Kirsten Lunde Juvik**, FNB

Medlem: **Kristina Vakt skjold Hamre**, KrF
Varamedlem: **Henrik Oppen**, Ap

Medlem: **Harald Ekroll**, Postpensjonistane S&Fj
Varamedlem: **Arne Rognaldsen**, Postpensjonistane S&Fj

Medlem: **Kristoffer Skjolden**, Pensjonistforbundet
Varamedlem: **Aud Karin Netland**, Utdanningsforbundet S&Fj

Medlem: **Gunvor Riim Opedal**, Pensjonistforbundet
Varamedlem: **Solfrid Fossberg**, Pensjonistforbundet

Medlem: **Kjellbjørg Lunde**, Landsforbundet For Offentlege Pensjonistar
Varamedlem: **Odd Himle**, Senior Norge

Medlem: **Martin Monrad Reigstad**, Pensjonistforbundet
Varamedlem: **Inger Margrethe Lingjerde**, Pensjonistforbundet

Medlem: **Vigdis Ravnøy**, Pensjonistforbundet
Varamedlem: **Sigrun Marit Hansen**, Pensjonistforbundet

Medlem: **Berit Anita Knudtsen Larsen**, Øygarden eldreråd
Varamedlem: **Bjørn Sivertsen**, Os Pensjonistforening

Administrativ støtte

Fylkeseldrerådet har hatt møtesekretær/sakshandsamar/rådgjevar frå politisk sekretariat i fylkeskommunen. Lotte Lynngård var sekretær for rådet i 2021.

Deltaking i 2021

2021 vart prega av covid-19 og nedstigningane og den pålagde sosiale distanseringa, noko som gjorde medførte at fylkeseldrerådet ikkje fekk deltaking på alle dei planlagde samlingane og konferansane. Noko vart likevel gjort digitalt. Nedanfor er ei oversikt over kva rådmedlemene deltok på i året som gjekk for, var perioden 2019-2020 har rådet slik samansetning:

Medlemer i fylkeseldrerådet har delteke i følgjande møte/konferansar/webinar i 2021:

- «Leva heile livet» - Regional støttegruppe.
- «Aldersvennlig samfunn», KS
- Regional transportplan - høyring.
- Opninga av Øygarden Aksjonscenter
- Politikardag
- Landskonferanse for fylkeseldreråd (Trondheim)
- Kulturkonferanse (Førde)
- Møte om «Den kulturelle spaserstokken»

Møta i fylkeseldrerådet

28.01.2020 10:00 Bergen

24.02.2020 10:00 Bergen

28.04.2020 10:00 Fjernmøte

26.05.2020 10:00 Fjernmøte

22.09.2020 10:00 Fjernmøte

27.10.2020 10:30 Førde

08.12.2020 10:00 Fjernmøte



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
13/2022	Eldrerådet	PS	21.06.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE-033	18/772

BRUK AV TEKNOLOGI FOR TRYGGHEIT OG MEISTRING PÅ SJUKEHEIM - ORIENTERINGSSAK

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet tek saka til orientering.

Saksopplysningar:

Ressurssenteret på Vaksdal fekk installert og tok i bruk nytt moderne pasientvarslingsanlegg våren 2021. Det er god erfaring med anlegget. Det gir trygg og sikker varsling for bebuarane og nøyaktig lokalisering av hendingar slik at personalet raskt kan yta assistanse. Alle alarmar vert loggførte, og ein kan nytta digitalt tilsyn på natt så ein slepp å forstyrre bebuarane unødig.

Tilsette på Ressurssenteret har delteke på kompetanseheving innan demens og metodar nytta i miljøterapi, m.a. musikkterapi. Dei nyttar Mundu som er ein form for musikkterapi gjennom musikk og bilete på nettbrett. Pårørande sender bilete og kjem med forslag til musikk som kan nyttast, og nesten alle bebuarane på avdelinga har sine egne spelelister på Spotify. Musikk vert brukt mykje for å skapa ro og trivsel på avdelinga, både inne på bebuarrom og i fellesareal.

Avdelingsleiar Anne Kari Helle vil orientera om pasientvarslingsanlegg og bruk av Mundu i møtet.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
14/2022	Eldrerådet	PS	21.06.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE-033	18/772

LEVE HEILE LIVET: EIN BUSTAD FOR HEILE LIVET - DRØFTINGSSAK

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saksopplysningar:

Leve heile livet-reforma har aldersvenleg samfunn som eit av satsingsområda, og viktigheita av universelt utforma ute- og inneområde samt tilrettelagde bustadar for alle livsfasar vert framheva.

I Vaksdal kommune sin plan for Leve heile livet har også dette satsingsområdet ein sentral plass, og eit av innspela som er teke vidare frå dialogmøtet i Turbinen, er bustadpolitikk som tek omsyn til ulike typar bustadar i ulike livsfasar.

Eldrerådet og tilsette i kommunen deltok saman på konferanse i regi av støtteapparatet for Leve heile livet i Bergen 31.05.2022. Temaet var «Ein bustad for heile livet». Det var m.a. innlegg om korleis eldre kan planleggja og tilretteleggja eigen busituasjon og kva NAV Hjelpemiddelsentralen kan bidra med. Og det vart presentert nye og framtidsretta bustadprosjekt som Helgetun bofellesskap i Bergen og Apotekergården i Førde sentrum.

På møtet vert det lagt opp til drøfting av korleis ein kan nytta inspirasjon og kunnskap frå konferansen vidare i arbeidet med å tilretteleggja i Vaksdal kommune i tråd med vedteken plan for Leve heile livet.